

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

Vedtekter for skulefritidsordninga ved Brakanes skule, adm justert mars 2015.

Vedtekne i heradsstyresak 047/09 i møte 17.juni 2009

Justerte med endring av opningstider og betalingssatsar etter vedtak i heradsstyresak 042/11 i møte 15.juni 2011.

(Administrativt justerte mars 20135 jf. pkt 6, siste setning.)

1. Eigartilhøve.

Skulefritidsordninga (SFO) i Ulvik er kommunal og skal drivast i samsvar med gjeldande lover og føresegner og med kommunale vedtak.

2. Føremål.

Skulefritidsordninga skal vera eit omsorgs- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske skuletida. Tilbodet skal vera for elevar i 1. - 4. klasse og for elevar med særskild trong (funksjonshemma born) i 1.-7. klasse.

Innhald og aktivitetar skal leggja til rette for leik, fritids- og kulturaktivitetar og leggja vekt på å gje borna natur- og kulturopplevingar i nærmiljøet.

Kulturskulen skal vera viktig samarbeidspartnar.

SFO skal drivast i samsvar med skulen si målsetjing.

3. Styring og leiing.

Rektor er overordna administrativ leiar. SFO-leiar har fullmakt til å avgjera opptak, plasstildeling, signera avtalar om plasstype og betaling, og sal av einskilddagar.

Rektor er evt ankeinstans.

Skulefritidsordninga har ein dagleg leiar med relevant utdanning på høgskulenivå.

4. Påmelding og opptak.

Søknad om opptak skal sendast rektor ved Brakanes skule innan fristen. I søknaden må det gjevast melding om eventuell særskild omsut og opplegg.

Alle søkjarar har garantert plass.

Opptak utanom søknadsfrist kan vurderast dersom ressursituasjonen gjer det mogeleg. Dette er avhengig av tal born som er påmelde og bemanningsplanen som er lagt etter hovudinntaket. Det skal skrivast ein eigen avtale om opphalds- og betalingsvilkår for kvart barn.

5. Oppseiing av plassar.

Plassar kan seiast opp skriftleg med 1 månads varsel. Det må betalast i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje vert nytta til dømes i endringar av opphaldet frå heil til halv plass.

Heradet kan seia opp ein plass ved manglande betaling, men med ein månads skriftleg varsel.

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

6. Tilbod og opningstid.

Skulefritidsordninga har tre ulike grunntilbod som går dei 10 månadane det er skule. Dagleg opningstid er mellom kl 0730 og 1630.

SFO er open i skuleferiar, bortsett frå i juli og inntil 6 planleggingsdagar for året. SFO er stengt også i perioden 24/12 – 1/1 og onsdag før skjærtorsdag.

Brukartilpassing frå 1.august 2013:

1. Heil plass er på 38 veker der SFO-tilbodet er ca 22 timar pr veke.

2. Redusert plass er på om lag 10 timar pr. veke og gjeld mellom klokka 0730 til 0830 og frå skuleslutt fram til kl 1410 alle dagane det er skule.

3. Fredagsplass er frå 11.00 – 14.10 på skuledagar..

Born av skilde foreldre, som har delt omsorg, kan få tilbod på SFO halvparten av tida, dersom ikkje baa foreldra har trong for SFO. Dei betalar halv pris. Betalingssatsane ligg fast, men foreldre/føresette kan gjera avtale om avgrensa tilpassingar for opphaldstida.

Dei tre ulike grunntilboda kan kombinerast med ferietilbodet X. (Sjå søknadsskjema)

Dersom det er ledig kapasitet i høve til gjeldande bemanning, er det høve til å søkja om å få utvida frå redusert til heil plass på ein-skilddagar. Også barn utan fast SFO-plass kan kjøpa enkeltdagar på skuledagar og i feriar dersom det er ledig plass. SFO-leiar avgjer.

Administrasjonen kan tilpassa tilboda til skulesituasjonen kvart år.

7. Foreldrebetaling og skyssordning.

Foreldra betaler etter to grunnsatsar ut frå ein fast timepris som er lik for alle tilboda (sjå elles pkt.6 over):

Betalinga vert berekna i høve til påmelding, og fordelt på 10 månadlege innbetalingar. (Juli og august er avslutnings og oppstartsmånader utan faktura.)

Det vert gjeve betalingsreduksjon for deltaking i leksehjelp.

NB! Viktig om evt leksetid, dersom det vert tilbode i 1.-4.-klasse!

Påmelding til evt. leksetid vert gjort ved skulstart. Elevane kan ikkje fritt pendla tilbake til SFO, men må vera på dei organiserte tilboda dei har meldt seg på og fått betalingsreduksjon frå. Oppseiingstida er 1 måned.

Sysken får redusert opphaldsbetaling. Den som har lengst opphaldstid, betaler fullt. Kvar av dei andre får 50% betalingsreduksjon.

Det vert teke atterhald om at betalingssatsane kan verta endra i avtaleperioden som fylgje av vedtak i heradsstyret.

Deltaking på skulefritidsordninga gjev ikkje rett til fri skyss. Skyss til og frå SFO før og etter skulerutene morgon og ettermiddag er difor foreldra sitt ansvar.

8. Leike- og opphaldsareal.

Skulefritidsordninga sin base er felles med klasseromma til 1. og 2. klasse eller eigna rom. I tillegg nyttar SFO i den grad det er ledig skulekjøkkenet, formingsalen,

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

gymnastikksalen og andre klasserom etter behov. Leikeklassen på skulen er uteareal utanom organiserte turar.

9. Tilsette.

Det skal vera ein vaksen pr. 12 born som ein grunnregel. Dette skal også dekkja ein del av eventuelle særskilde behov. Fleire tilsette for born med særskild trong må vurderast ut frå trong. Dersom det er fleire med særskilde behov, skal tilleggsressursane for desse sjåast i samanheng.

10. Tilsetjing, teieplikt m.m.

Opplæringslova § 10-9 (krav om politiattest) gjeld ved tilsetjingar.

Dei tilsette i SFO, administrasjonen og medlemene i samarbeidsutvalet har teieplikt om alle personopplysningar dei får i samband med stilling/ombod (Forvaltningslova §§ 13).

11. Endring/justering av vedtektene.

Heradsstyret kan endra/justera vedtektene.

Justert i samsvar med Heradsstyresak 042/2011.

Detaljert om opningstider og betalingsattsar i eige dokument.

Vedtektene er administrativt justert etter endra skule-/kulturskuleopplegg 2013-2014, i mehald av pkt 6, siste setning.

Vedtektene erstattar tidlegare vedtekter av 25.juli 2013.

Brakanes skule 09.mars 2015.

Thor Erling Larsen, einingsleiar.